

Tabell A-k

Utgiftsutjamning o.a. for kommunane 2018

Kolonne 9 viser sum utgiftsutjamning for kvar einskild kommune. Utjamninga består av omfordeling som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (berekna i kol. 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (berekna i kol. 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er vidare nytta i tabell 2-k, kolonne 2.

Utgiftsutjamninga er berekna på grunnlag av innbyggjartalet per 1. juli 2017.

Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov

Utrekning av indeks for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell E-k. Ein indeks på 1 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov lik landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov som er høvesvis 10 pst. over og 10 pst. under landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell E-k, kolonne 25.

Kolonne 2 – Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar

Utgiftsbehovet for 2018 er på landsbasis berekna til om lag 264,8 mrd. kroner, som utgjer 50 167 kroner per innbyggjar, basert på innbyggjartal per 1.7.2017

Kolonne 3 – Berekna utgiftsbehov i kommunen i kroner per innbyggjar

I kolonne 3 er gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov (kol. 2) på landsbasis multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 1) for kvar kommune og vist i kroner per innbyggjar.

Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i kommunen

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4, og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

Kolonne 5 – Samla omfordeling for kommunen (1 000 kr)

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5, og er rekna ut ved at omfordeling i kroner per innbyggjar (kol. 4) blir multiplisert med innbyggjartalet i kommunen per 1. juli 2017 (tabell F-k, kol. 2).

Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular

Kommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. For ein nærare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular, sjå innleiingsteksten i Grønt hefte. Til grunn for trekket ligg elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2016 (tal frå Kunnskapsdepartementet). Frå og med 2018 er kostnader til skuleskyss trekt frå satsgrunnlaget for korreksjonsordninga.

Tabellen under viser treksatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2018.

Treksatsane per elev for 2017	(kroner)
Vanleg undervisning	85 800
Spesialskular	294 200
Opphald/innlosjerte ved skulen	310 800

Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk

Samla trekk for alle kommunar (sum for landet i kol. 6) blir ført attende til kvar einskild kommune etter kommunen sin del av utgiftsbehovet.

Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning

Utgiftsutjamninga, inklusive omfordeling for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir nytta vidare i tabell 2-k, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.